

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Dato	22.04.2022
Vår referanse	2022/46420-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Innspel - oppstart av planarbeid - detaljregulering for turistanlegg Uskedalen - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 23.03.2022 om oppstart av arbeid med detaljregulering for turistanlegg – Uskedalen i Kvinnherad kommune. Hovudføremålet med reguleringa er legge til rette for utvikling og vidare drift av feriesenter med nye oppstillingsplassar for bubilar, nye hytte og teltområde, oppgradering av strandområde i tillegg til å ta omsyn til flaumsone i området. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til småbåthamn med trafikkområde, naturområde, område for bruk og vern av sjø og vassdrag, område for næringsverksemd og framtidig LNFR-areal. Området er vist med faresone H320_9, flaumfare. Det er synt støysone langs Fv. 500. Det er sett byggegrense mot sjø i kommuneplanen. Planen vil erstatte delar av plan «Reguleringsplan turistanlegg Uskedalen, planID 20110010». Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Forankring regional plan

I følgje plan og bygningsloven §8-2 skal Regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.*

Av regionale planar, er følgande særleg viktige for denne planen:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional plan for folkehelse, Hordaland fylkeskommune 2014-2025
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
- Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 for Vestland vassregion

Planfaglege merknadar

Gjeldande planar

For området gjeld i dag kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan turistanlegg Uskedalen, planID 20110010, i begge desse planane er det føringar som det er verdt å ta med seg inn i arbeidet med ny plan. Dette gjeld spesielt omsynet til strandsona, kor området i kommuneplanen er sett av til LNFR-framtidig. Vi vil rå til at planen som vert utarbeidd tek omsyn til dette og at ein ny plan ikkje opnar for privatisering av strandsona.

Føresegner

I det vidare arbeidet med planutkastet bør planverktøyet nyttast til å legge tydelege føringar for utbygginga. For dei tema som det offentlege, høyringspartane eller ålmenta har interesse, i bør ein legge opp til at detaljane i utbygginga vert definert ved føresegner i planen. Alternativt kan ein vise til føringar som er definert i overordna planar, der dette ligg føre. Ein bør ikkje utsette slike detaljar til byggesak. For fylkeskommunen er det særleg viktig at detaljane for dei tema vi har interesse i som høyringspart, vert definert i planen. Rekkefølgjekrav kan vere eit viktig verkemiddel og aktuelt i denne planen for å gjennomføre tiltak i planen.

Konsekvensutgreiing

I samband med melding om oppstart av planarbeid har forslagsstillar vurdert at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplanen og Stad kommune har slutta seg til denne vurderinga. Vi vil minne om at planomtalen som følger planen skal ha med ei vurdering av verknadane av planen, sjølv om det ikkje er krav om konsekvensutgreiing.

Planlegging av campingplassar

Det er vedteke eiga forskrift om krav til avstand mellom campingeiningar og parsellinndeling av campingplassar. Denne tråtte i kraft 01.03.2022 og må leggest til grunn i arbeidet med reguleringsplanen. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-og-enklere-regler-for-brannsikkerhet-og-avstand-pa-campingplasser/id2891715/>

Friluftsliv

Kvinnherad kommune har gjennomført kartlegging av friluftslivsområde. Innanfor planavgrensinga og tilgrensande området er det to friluftslivsområde: Granen, badeplass med sandstrand og Uskedalselva, meanderande elv med høve til bading fiske. I vidare planlegging bør kommunen vurdere korleis planlagde tiltak støttar opp om og vidareutviklar friluftslivsverdiane i området.

Strandsone

Delar av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. I illustrasjonen som følgjer planinitiativet kan det sjå ut til at forslagsstillar ynskjer å etablere permanente hytter i området heilt ned mot stranda. Fylkeskommunen vil rå til at permanente hytter vert etablert i området lenger vekk frå sjøen og at området mot sjøen vert tilrettelagt for annan bruk utan permanente installasjonar som vert privatiserande i strandsona.

Vassforvaltning

Vassforvaltning Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og koordinerer prosessen med å gjennomføre regional plan for vassforvaltning i tråd med vassforskrifta.

I alle forslag til reguleringsplanar må ein vurdere om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. Vann-nett gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar, både der det er krav om konsekvensutgreiing og der planen ikkje er omfatta av eit slikt krav. Generelle føresegn og retningslinjer, eller omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer er gode verktøy for å ta i vare vassmiljø gjennom reguleringsplanar. Slike plangrep bør nyttast både for å redusere ein mogleg negativ verknad som planen kan ha på vassmiljø, og for å legge til rette for forbetring av vassmiljøet. Om utbygging er tenkt i nedbørsfelta til vassførekomstar som ikkje har nådd miljømåla bør ein gjennom føresegner i reguleringsplanen leggje til rette for at tiltak som krev byggeløve bidreg til at tilstanden på elva, bekken, innsjøen eller kystvatnet vert betra og miljømåla nådd. Om det ved utbygging ikkje er praktisk eller økonomisk mogleg å betra tilstanden på vassførekomstane er minstekravet jf. vassforskrifta § 4 at tilstanden ikkje vert dårlegare, med mindre det er grunnlag for unntak etter § 12.

I følgje vann-nett (<https://vann-nett.no/portal/#/mainmap>) er det registrert eitt beskytta område innanfor planområdet:

- Badeplass ved Granen

I det vidare planarbeidet vil vi gjera kommunen merksam på følgjande vassførekomstar:

- 1) Storsundet 0260040300-C, Økologisk tilstand er god og kjemisk tilstand udefinert, Miljømål: god innan 2027.

2. 2) Uskedalselva 045-2-R, Økologisk tilstand er svært dårleg og kjemisk tilstand er udefinert, Vitenskaplig råd for lakseforvaltning har i 2017 vurdert tilstanden for laks som svært dårleg. Miljømål: god innan 2027.
3. 3) Huskedal 046-862-G, (Grunnvatn) Førekosten er registrert som potensielt sårbar for saltpåverknad i påverknadsanalysen. Senking av grunnvasspegelen kan medføra at havvatn trengjer inn og kvaliteten på grunnvatnet blir forringa.

Landskap

Det er gjennomført kartlegging og verdivurdering av landskapet i Hordaland.

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>. Kartlegginga er tilgjengeleg i på kart i fylkesatlas, <https://www.fylkesatlas.no/share/bc5bf49aba42>. Planområdet ligg i landskapstype 5 Middels breie fjordløp, området heiter Storsundet og har fått landskapsverdi 4, stor verdi. I alt er det kartlagt 51 landskapsområde av denne typen og 4 av områda har fått stor verdi.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål.

Det er positivt at Kvinnherad kommune har ein nyleg vedtatt kulturmiljøplan sentrumsplan som skildrar og prioriterer kulturminne og kulturmiljø. Dette gjev kommunen betre oversyn over dei freda kulturminna som er av nasjonal verdi og kulturminne- og miljø med regional og lokal verdi. Kulturmiljøplanen har vist seg å være viktige og nyttige reiskap for å skape engasjement for kulturarven og prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som mellom anna kan framhevast i lokal samfunnsutvikling.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Kommunane er gjennom sitt ansvar for planlegging etter plan- og bygningsloven, viktige i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Planar på offentleg høyring, som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne, kan verte returnert. Ved offentleg ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt eller regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

Vestland fylkeskommune vil peike på at Uskedalen kyrkjestad med Askeladden id- 85730 er listeført, der kyrkja har ein sentral plassering i det som utvikla seg til Uskedalen sentrum. I tettstaden/sentrumsområdet i Uskedalen har kyrkjestaden ein heilt sentral plass. Område slik det ligg i dag har viktige kvalitetar som må takast vare på for ettertida.

Fylkeskommunen kan reise motsegn til arealplanar som er i konflikt med kyrkjestaden med omsyn til kulturmiljøinteresser j.f. rundskriva H-2/14 og T-2/16. Kyrkja i Uskedalen er listeført som verneverdige av Riksantikvaren, og då er det «Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker» (kyrkjebbyggforskrifta) som gjeld. Tiltak i kyrkja sine omgjevnadar, anten det er på kyrkjebakken, gravplassen eller utanfor kyrkjemurane, har fått Rundskriv Q-06/2020 «Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø».

Når det gjeld hovudformålet med planen som er å regulere til turistanlegg, har vi von om at dette kan løysast på ein god måte i planen. Likevel er det viktig at utvida bruk ikkje gir for store negative konsekvensar for dei viktige kulturminneverdiane i område. Det samla kulturlandskapet med nær og fjernverknad må sjåast i ein større samanheng. Dette vert særleg viktig med tanke på detaljering med materialbruk, med stadeigne kvalitetar og vegetasjon innafor kyrkja sine omgjevnadar. Planen må sikre at opplevinga av det einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet vert teken vare på og

styrka. Volum, proporsjonar, høgde og nær- og fjernverknad på den samla nye tiltaka må tilpassast eksisterande bygningsmiljø, sikre området karakter og kulturmiljø. Vi vonar at kulturminnet kan vere ei styrke for området og ikkje ei hindring.

Det er positivt at det vert rydda opp i permanente strukturar i utkanten av kyrkjegardsmurane men det er og utfordrande å planleggja for ny arealbruk innafor kyrkjestaden sine nære omgjevnader. Det er viktig at kunnskap om staden og kulturminna får lagt rammene for ei framtidig positiv utvikling. I stortingsmeldinga *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* (Meld. St. 16 2019-20) understrekar verdien av heilskap og samanheng. Den sett som mål: «*Et mangfold av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk.*»

Arkitektur og estetikk

Planområdet ligg tett inntil Uskedalen kyrkje og tiltak i planen vil verke inn på nærmiljøet til kyrkja. I området er det pr i dag mange ulike estetiske uttrykk på grunn av omfanget av «spikartelt». Det er viktig å nytte høve i samband med reguleringsplanprosessen til vurdere korleis området skal sjå ut i framtida og bruke plankart og føresegner til å fastsette dette

Samferdsel

Avdeling for infrastruktur og veg er oppteken av at det vert gjort grundige vurderingar av krysset som er hovudtilkomsten (Sandavegen). Det må vurderast om den har god nok utforming for planlagt trafikkmengd og type køyretøy, og er i tråd med Statens vegvesen sine gjeldande vegnormalar. Me tilrår at reguleringsplanen ryddar opp i dei trafikale tilhøve og parkeringa langs tilkomstvegen til planområdet (sjå raud sirkel i figur 1).



Me ynskjer at avkøyrsla i sør vert stengt for køyretøy (sjå raud strek i figur 1), og at all trafikk til og frå området skjer via hovudtilkomsten i nord.

Elles minna me om at veg og trafikktryggleik er vesentlege utgreingstema og må inngå i ROS-analysen.

Klima og energi

Jf pbl § 3-1 bokstav g) skal planar etter pbl ta klimaomsyn, gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventta klimaendringar, gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.

Vi vil oppmode tiltakshavar om å:

- vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase, og vurdere dette i eit livsløpsperspektiv.
- Vurdere løysingar for fornybar energi
- Vurdere tilrettelegging av ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy. Dette kan td. innarbeidast i føresegnene til detaljreguleringsplanen.
- Vurdere tiltak for lokal handtering av overvatn gjennom blå-grøne strukturar.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og kulturmiljø, strandsone og friluftsliv, vassforvaltning, samferdsel, klima og energi og arkitektur og estetikk. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess, spesielt i høve Uskedalen kyrkjestad.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule

fagleiar

SUD – Plan, klima og folkehelse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal

seniorrådgjevar

SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Guri Finne Sognnæs, infrastruktur og veg

Gunnbjørg Austrheim, kulturarv

Kopi til:

KVINNHHERAD KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Rosendalsvegen 10

Njøsavegen 2